



Treet velta over hovudvegen like overfor Skulebruo.

Dei store regnmengdene kombinert med nokre kraftige vindflager, er nok grunnen til at eit stort tre har rotvelta på Kjærlandssio like overfor Skulebruo. No er ein del greiner som kunne vera til hinder for trafikken kutta og fjerna slik at biltrafikken no kan gå som normalt.

Treet ligg også over vegen opp til eigedommen til Alf Eidsvik d.y. og Anne Guri Kildal. Denne vegen er sperra av treet.

Etter mykje regn siste tida er nok bakken så oppbløytt at det vert lite feste for røtene. Nokre krafige vindflager kan då vera årsak til at tre som har overlevd dei krafigaste stormar, vil rotvelta. Vi har også fått melding om fleire andre tre som har rotvelta siste døgnet.

Med mykje snø til fjells er det også stor skredfare med mykje regn og relativt høge temperaturar som vi har no.



Treet sperrar denne vegen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland